





SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	<p>Om de vil starte med ein musikkvideo kan de sjå denne THE DRIVER ERA & Ross Lynch - Rumors (Official Video) som handlar generelt om rykte.</p>
	<p>Fortel elevane at de skal jobbe med ei fiktiv rykتهistorie denne timen, og del dei inn i gode grupper på 3–5 elevar i kvar gruppe. Presenter ungdommane frå venstre Sara, Vetle og Leah. Dei går i klasse saman og Sara og Vetle har vore mykje saman, men no skjer det noko med Leah som gjer Sara uroleg.</p>
<p>Vi byrjar med Sara si historie fredag kveld (les):</p>	
	<p>Eg går fort og kjenner meg irritert. Eg klarer ikkje slutte å tenkje på det for eg ser det for meg heile tida; Vetle, min Vetle, og Leah. Måten dei sit der på, på skrå framfor meg i klasserommet, altfor tett, – der dei bøyer seg inn mot same skjerm. Ho seier noko lågt og han smiler. Det same smilet som han smiler til meg når det berre er oss to heime hos han. Og ho ler og smiler tilbake, og så gløymer dei at det er andre rundt dei og skravlar i veg. Læraren måtte faktisk seie ifrå til dei i dag fordi dei prata for mykje. Vetle berre lo, men så snudde han seg mot henne igjen og han såg ikkje på meg ein einaste gong. Og etter skulen då eg spurde om han ville bli med, så var han berre sånn: “Sorry, det passar ikkje i dag.” og så stakk han berre. Han pleier ikkje vere sånn. Eller ... han pleidde ikkje å vere sånn.</p>
<p>Eg sparkar borti ein liten stein på vegen, og held fram med å sparke den framfor meg eit stykke. Fortel meg sjølv at dette sikkert ikkje er noko. Det er jo læraren som har plassert dei saman som læringspar, dei har jo ikkje valt kvarandre sjølve. Og eg sit jo med Amir, og vi tullar jo ganske mykje vi òg. Men sjølv om eg prøver å overtale meg sjølv til å tru at alt er bra så veit eg at det ikkje stemmer. Eg er i ferd med å miste Vetle. Og det kan eg ikkje, men no veit eg ikkje kva eg skal gjere lenger.</p> <p>Eller ... jo, eg gjer kanskje det, for eg kjenner jo Leah frå før. Ikkje berre sånn som ho er no, men frå barneskulen. Og det er ting ho gjorde då som ho ikkje vil at nokon her skal vite om. Ikkje sånn kjempegreier, men nok. Nok til at folk ville sett på henne litt annleis og begynt å lure. For det ho gjorde den gongen var jo ikkje greitt liksom.</p> <p>Eg lova jo at eg ikkje skulle seie noko, og det hadde eg jo ikkje tenkt å gjere heller, men no er det jo annleis. For no handlar det ikkje berre om henne, no handlar det jo om meg òg. For no sit ho jo der og tek frå meg noko som eg ikkje vil miste!</p> <p>Eg stoppar opp utanfor hallen og kjenner at pulsen går litt fortare. Eg veit at det er dårleg gjort og at eg ikkje bør gjere det, men samtidig ... Eg kan jo berre nemne det litt tilfeldig? Som om eg gjer det fordi eg synest synd på henne kanskje? Linnea kjem heilt sikkert til å spørje om meg og Vetle i garderoben etterpå, så viss eg då nemner dette litt halvstille til henne der, så veit eg jo akkurat korleis det spreier seg vidare heilt av seg sjølv?</p>	
	<p>Oppgåve til gruppene: Korleis spreier rykte seg blant unge?</p> <p>Gi gruppene blanke ark (gjerne A3) og be dei forsøke å lage ein oversiktsmodell som viser korleis rykte blir spreidde blant unge. Teikn strekfigurar, set piler, skriv og forklar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Start med Sara som vel å seie noko om Leah. • Kva verkemiddel (bilete, historier og overdriving) blir brukte når rykte spreier seg? • Korleis endrar ryktet seg undervegs?

	<ul style="list-style-type: none"> • Finst det eit “point of no return” der det kjennest umogleg å stoppe ryktet? Kvar er dette punktet? <p>La gruppene presentere modellane for kvarandre kort. Poenget er at elevane skal bli medvitne om mekanismane som ligg bak rykte.</p>
<p>Rykter spreier fordi menneskar har behov for å kjenne ut de kverer til, og rykter kan bidra til dette ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • gi oppmerksomhet, status eller påverknadskraft • gi ein følelse av å være innomfar og ha noe interessant å bidra med • gi felles spenning og noe å samles rundt, som styrker følelsen av fellesskap <p>Alt dette skjer på bekostning av den eller dei ryktene handlar om, men om mange nok spreier ryktene kjennest det ikkje alltid slemt å bli med på det selv om det er det.</p>	<p>Gå gjennom desse punkta før de går vidare:</p> <p>Rykter spreier seg fordi menneske har behov for å kjenne at dei høyrer til, og rykte kan bidra til dette ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • gi merksemd, status eller påverknadskraft • gi ei kjensle av å vere innanfor og ha noko interessant å bidra med • gi felles spenning og noko å samlast rundt, som styrkjer kjensla av fellesskap <p>Alt dette skjer på kostnad av den eller dei rykta handlar om, men om mange nok spreier rykta kjennest det ikkje alltid slemt å vere med på det sjølv om det er det.</p>

Vi held fram med Leah si historie måndag morgon (les):



Eg blir ståande utanfor klasserommet litt for lenge før eg går inn, som om eg allereie veit kva som skal møte meg der inne. Telefonen min ligg tung i lomma. Eg las meldinga frå Emma i går kveld: “Berre så du veit det... dette går rundt no.” Eit skjermbilete av ein samtale mellom mange i klassen. Setningar som: “Det er visst ikkje første gong” “Ho har gjort sånt før òg” “Det er meir òg, men eg skriv det ikkje her” Eg skjønnte ikkje heilt kva det handla om då, men eg kjende det i magen likevel. Du veit den kjensla av at noko er i ferd med å skje, du veit at det kjem til å gjere vondt og du kan ikkje beskytte deg mot det? Som ei ulykke som skjer i sakte film.

Eg går inn og registrerer som frykta at det blir stille. Ikkje heilt stille, men nok til at eg legg merke til det. Nokon som avsluttar ei setning litt for fort, noko som blir lagt bort, nokon som ser på meg og så ser dei vekk igjen utan å smile til meg. Ingen møter blikket mitt. Eg går bort til plassen min og prøver å oppføre meg normalt. Tek opp PC-en. Lèt som ingenting. Men det er dei blikka. Små, raske. Kviskring. Ein latter som stoppar litt for brått. Eg kjenner det hardt i kroppen. Den der stramme kjensla i brystet som om eg ikkje får puste. Som om alle her veit noko eg ikkje veit.

Eg opnar meldinga frå Emma igjen og les ho ein gong til. Eg skjønner det no. Sara er sur på meg fordi ho trur eg prøver å ta Vetle frå henne. No har ho altså fortalt det som skjedde på barneskulen for at det skal verke som om dette er “typisk meg”. Eg ser bort på henne. Ho sit der og lèt som ingenting, snakkar med dei andre og ser heilt roleg ut. Som om ingenting har skjedd. Eg kjenner at det byrjar å koke litt inni meg. For det er så urettferdig! Eg og Vetle er berre vener. Det er ikkje noko meir. Eg er ikkje interessert i Vetle ein gong! Og no sit folk og trur... ja kva då egentleg?

Eg byrjar å tenkje på kva eg kan gjere. Eg kan sjølvsgatt berre ignorere det og late som ingenting. Men eg veit jo at det ikkje kjem til å funke. For dette spreier seg, det er eg sikker på. Folk elsker jo sånne ting. Og så slår det meg: Eg veit jo ting om Sara òg. Ting ho aldri i verda vil at andre skal vite. Eg kjenner korleis den tanken berre blir liggjande der som ei moglegheit. Eg kan gjere akkurat det same tilbake. Seie noko. Litt forsiktig. La folk trekkje sine egne konklusjonar. Eg veit at det ville funke. Eg kan lett snu dette til å handle om Sara, og det vil bli mykje verre for henne enn for meg. Såpass mykje verre at eg absolutt ikkje bør gjere det.

For eg kan jo heller ta det rett med henne, stille utan at andre høyrer på? Forsikre henne om at eg ikkje er interessert i Vetle og få henne til å stoppe rykta. Om nødvendig kan eg jo minne henne om at eg veit ting om henne òg som ho ikkje vil at andre skal vite? Men om eg faktisk må true med det for å få henne til å gjere det som er rett, så kan det kanskje berre vere det same. Då fortener ho kanskje at andre får vite? For det er ikkje eg som har gjort noko gale her! Eg kjenner det kokar inni meg, og eg veit at valet eg tek no er litt for viktig, og det er ingen som kan hjelpe meg å vurdere det, for då er det allereie i gang.

Sannsynlegheit	1. Høg risiko	2. Middels risiko	3. Låg risiko
1. Høg konsekvens	Raudt	Gult	Grønt
2. Middels konsekvens	Gult	Grønt	Grønt
3. Låg konsekvens	Grønt	Grønt	Grønt

Risikovurdering

Risiko handlar om uvisse om kva som kan kome til å skje når vi gjer noko. Det handlar om kombinasjonen av kor sannsynleg det er at noko skjer, og alvorlegheitsgraden i konsekvensane som kan oppstå. For Leah til dømes handlar risiko om kva som kan kome

til å skje med henne eller Sara dersom ho fortel det ho veit om Sara. Kva konsekvensar kan det få for Sara? Korleis vil det påverke Sara sine relasjonar med andre og kjenslene hennar / korleis ho får det? Og kor sannsynleg er det at dette kjem til å skje?

Når store bedrifter innan teknologi og helse vurderer om noko er lurt eller ikkje brukar dei slike risikovurderingsskjema som dette. Det har fargekodar som viser at sjølv om det berre er litt sannsynleg / mogleg at ein skadeleg konsekvens kan oppstå blir det likevel vurdert som høg risiko / raudt. Medan ein tåleleg konsekvens òg blir vurdert som risiko (gult) dersom det er sannsynleg at det vil skje.

Når unge hamnar i slike situasjonar som Leah her, er det lite truleg at ho set seg ned med eit risikovurderingsskjema, men ville ho teke andre val om ho faktisk vurderte skikkeleg kva konsekvensar dette ville få, for både henne og Sara? La oss prøve å hjelpe Leah å gjere eit godt val.

Del ut arket med risikovurdering til gruppene og la dei forsøke å vurdere dei 2 ulike alternativa Leah har. Kva konsekvensar kan det få for kven? Kor sannsynleg er det at det skjer, og kor alvorlege kan konsekvensane bli? Avgjer risikoen for begge alternativ – grøn, gul eller raud?

Etterpå spør du korleis gruppene har vurdert risikoen og ser om elevane er einige. Kva bør Leah gjere? Og har dei forslag til løysingar som er trygge (grøne)?

Då er vi klare for å møte Vetle, og no er det blitt tysdag i veka etter (les):



“Bak deg! Bak deg! Nei, snu deg—” “Eg ser det, eg ser det!” Vetle lener seg fram i stolen og klikkar raskt. Skjermen lyser opp rommet. “Der ja.” “Nice,” seier kompisen i øyret. “Den der sat.”

Det blir stille nokre sekund. Berre lydar frå spelet. Så seier Vetle, litt meir tilfeldig: “Det har vore heilt kaos på skulen siste veka, forresten.” “Åja?” “Ja, sånn skikkeleg drama. To av jentene i klassa som eg heng mest med. Masse greier og rykte og drit.” Han stoppar litt opp, “—berre heilt unødvendig.” “Jenter, ass,” seier kompisen. “Alltid noko.”

Vetle trekkjer litt på skuldrene, sjølv om den andre ikkje ser det. “Ja, det berre blåste heilt opp. Først var det berre småting, og så byrja folk å seie ting om Leah, og så svara ho tilbake om Sara, og så berre tok det av. Det blei skikkeleg stygt.” “Classic,” seier kompisen. “Mm.”

Vetle spelar vidare, men det er litt mindre fokus no. “Folk byrja å velje side og sånn òg. Heilt idiotisk. ‘Team Sara’ og ‘Team Leah’ som om det var ein serie eller noko.” Kompisen ler litt. “Ingen team Vetle altså? Så du slapp unna då, din smarting.” Vetle nøler eit lite sekund. “Ja ... eller ... eg prøvde i alle fall å ikkje bli dratt inn i det.”

“Bra det då. Ikkje vits å involvere seg i sånt.” “Nei,” seier Vetle. “Tenkte det same. Gidder ikkje alt det der.” Det blir stille igjen. Lydar frå spelet fyller rommet.

Vetle sit og ser på skjermen, men han er litt mindre skjerpa når han tenkjer på det. “Det var berre ... litt teit eigentleg,” seier han etter kvart. “Kva då?” “Nei ... berre før alt det der starta så var det ganske chill, eigentleg. Skikkeleg hyggeleg med både Sara og Leah og ikkje noko stress.” “Ja, men sånn er det jo. Plutseleg klikkar det berre for folk.” “Mm.” Vetle nøler litt. “Eg veit ikkje, det var sikkert ikkje noko eg kunne gjort uansett.”

Kompisen svarar med ein gong: “Nei, seriøst, det der er ikkje ditt problem. Du gjorde riktig som heldt deg unna.” “Ja ...” Vetle seier det lågare denne gongen.

Han kjenner etter eit augeblikk. For det stemmer vel det? Det var ikkje hans problem, men likevel ... Det hadde kanskje ikkje starta utan han, og viss han hadde handtert Sara litt annleis så hadde han kanskje kunna stoppa det før det gjekk så langt?

“Men ja,” seier han litt raskare, som om han avbryt seg sjølv. “Det blei berre heilt kaos.” “Jenter er håplause,”

seier kompisen. Vetle smiler litt. "Ja, dei likar drama litt for godt ass." Han ser tilbake på skjermen. Men tanken slepper ikkje heilt taket: Kunne han faktisk gjort noko for å forhindre at det blei sånn?



Ta ei kort avstemming før de går vidare: Er det greit at Vetle ikkje gjorde noko for å stoppe rykta? Tommel ned for ikkje greit – tommel opp for greit. Du treng ikkje spørje dei kvifor dei meiner som dei gjer – berre les vidare:



La oss spole tilbake til måndag morgon.

Vetle sit på plassen sin og scroller på mobilen før timen startar. Det er fleire meldingar enn vanleg. Nokre frå klassen. Nokre frå folk han ikkje snakkar så mykje med til vanleg. "Kva skjer med deg og Leah då?" "Bro ... er det sant det som går no?" "Ahaha to på ein gong dude - kreds". Han rynkar litt på panna. Kva skjer?

Han ser på chatten med Sara òg. Ho sende fleire meldingar i løpet av helga. "Kva gjorde du i går?" "Du svarer ikkje ..." "Er du med henne eller?" og Vetle ser at han berre svara veldig kort: "Nei" "Var berre heime" "Slapp av" Au. Han veit at Sara vil meir enn han. Han har merka det ei stund. Han likar henne, men ikkje sånn som ho likar han. Han er ikkje interessert i å ha kjærast, men samtidig vil han ikkje avvise henne heilt heller, for det er jo bra å ha det som no liksom.

Han legg mobilen frå seg og ser opp. Det er ei litt rar stemning i rommet. Små blikk. Låg kviskring. Folk som ser bort på Leah, og så på kvarandre. Han snur seg litt. "Har du høyrte det eller?" seier ein bak han. "Høyrte kva då?" "Det om Leah?" Den andre ler litt. "No har du verkeleg rota deg opp i det heilt store."

Vetle kjenner det knyter seg i magen. Dette er ikkje bra. Han ser bort på Leah, men ho møter ikkje blikket hans. Ho ser ned, men han ser at ho ikkje har det bra, og han merkar at dei andre pratar om henne.

Han snur seg og ser bak på Sara og forstår kvar alt dette kjem frå. Sara er ovanpå, pratar, smiler, ler og dei andre lyttar, flirer og kviskrar. Og plutselig går det opp for han at dette handlar om han, og at Sara trur han heller vil ha Leah, og dermed har sett ut rykte om henne. Vetle kjenner at det strammar seg i kroppen. Dette kjem til å bli ille viss ingen gjer noko. Og det verste er at det kanskje berre er han som kan få Sara til å stoppe dette før det blir verre. Han vil helst berre ignorere det og late som det ikkje angår han, men det gjer jo det. Han må berre finne ut korleis han best kan gå fram.

Gå gjennom Vetle sine 3 alternative løysingar i gruppa:

- Kva er bra med dei ulike alternativa?
- Kven taper og vinn kva?

Sjå over elevane sine modellar frå første oppgåve igjen:

- Kven er dei første som kan stoppe rykte?
- Kva kan dei ulike personane gjere?
- Inkluder òg dei som berre spreier vidare utan at det eigentleg angår dei.



Til slutt er det fint om de spolar tilbake til fredag når Sara er på veg til trening – før ho startar rykta. La elevane snakke saman:

- Kva andre alternativ hadde Sara når målet var å behalde Vetle? Kva burde ho gjort i staden for å setje ut rykte om Leah?
- Kva blei konsekvensane for henne av å gjere det ho gjorde? Burde ho visst at dei blei sånn?
- Kva kan vi lære av denne historia?



Som oppsummering av timen er det fint om du minner elevane på Sokrates sin trippelfiltertest. Han meiner alle som vurderer å fortelje eller vidarefortelje eit rykte alltid skal spørje:

- Er dette sant?
- Er det snilt?
- Er det nyttig?

Og viss det ikkje kan svarast ja på desse tre så bør ein la vere.

Men det kan kjennast vanskeleg å la vere å vidarefortelje rykte fordi rykte er valuta som kan gi personar gode – på andre sin kostnad.

Så kva kan ein gjere når ein får høyre eit rykte for å ikkje gjere situasjonen verre for dei det gjeld?

De kan godt avslutte med dette:

Korleis stoppe rykter?

● Stopp og sjekk

- Tenk: Veit eg om dette er sant?
- Tenk: Ville eg sagt dette om det handla om meg eller ein nær ven?

⊘ Ikkje gjer det verre

- Ikkje del, lik eller kommenter
- Ikkje spre vidare i samtalen
- Forlat chat eller trekk deg unna

💬 Kan du gjere det betre?

- Sei ifrå: «Eg vil ikkje vere med på dette»
- Byt tema eller stopp praten
- Støtt den det gjeld / sei noko positivt